

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 22.05.2017
Sakhandsamar: **Halfdan Brandtzæg**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per april 2017**

Arkivsak
2017/457
Styresak 044/2017

Styremøte 06.06.2017

Framlegg til vedtak

Rapportering frå verksemda per april 2017 vert teken til vitande.

Innleing

I verksemdsrapporten har vi tatt ut rapportering om tilsyn. Denne informasjonen ligg no under orientering frå administrerende direktør. Dermed følgjer Helse Førde same praksis som dei andre føretaka i Helse Vest.

Rapportering fag

Ventetid ventande ved periodeslutt

Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande har auka til 42 dagar i april (36 dagar i mars).

Tal på ventande


Samla tal ventande pasientar har gått ned til 4448 (4723 i mars, 4689 i februar).

Ventetid for starta behandling

Opp til 51 dagar i april (48 i mars, men 56 i same periode i 2016). 1852 fekk starta opp behandling i april (2633 i mars).

Tabellen under syner at reduksjonen i ventetid ikkje har gjort at pasientar som ventar på ytterligere utgreiing eller kontroll må vente lenger.

Ei nærliggjande forklaring på samla nedgang i ventetid så langt i år er at behandlingsskapiteten har auka. Føretaket har tidligare prioritert kveldspoliklinikk og har aktivt arbeidd med tiltak som påverkar logistikken i føretaket gjennom Alle Møter-programmet. Det er arbeidd med tiltak som planleggingsteam og 'Direkte time', og det kan ha gitt meir effektiv utnytting av eksisterande kapasitet. Betre oversikt over kva for pasientar som skaper dei lange ventetidene kan og ha gjort at desse pasientane har fått time.



Totalt kø = alle planlagde konsultasjonar i framover i tid. Denne gruppa inneheld alle pasientar uansett om dei ventar på å komme til fyste behandling, er i eit behandlingssforløp eller ventar på ein kontroll. Ventelistekø = pasientar som ventar på å komme inn til første behandling eller utgreiing. Nytilviste = Nye tilvisingar mottatt i perioden. Kontroller = del av alle gjennomførte konsultasjonar som var ein kontroll av tilstand eller tidlige behandling.

Fristbrot samla (ventande/starta behandling)

I mars var det registrert 14 fristbrot (5 + 9), i april er førebels registrering på 19 (7+12).

Direkte timetildeling

Liten nedgang (86 prosent for første time, 67 prosent for oppfølgingstimar).

	jul.15	jan.16	apr.16	okt.16	jan.17	apr.17
HELSE BERGEN HF	70 %	85 %	83 %	84 %	85 %	77 %
HELSE FONNA HF	75 %	84 %	88 %	84 %	85 %	83 %
HELSE STAVANGER HF	71 %	90 %	88 %	88 %	89 %	85 %
HELSE FØRDE HF	68 %	93 %	93 %	90 %	95 %	86 %
KIRURGISK KLINIKK (100315)	73 %	91 %	92 %	88 %	95 %	90 %
MEDISINSK KLINIKK (105240)	62 %	96 %	96 %	96 %	97 %	82 %
PSYKISK HELSEVERN	66 %	78 %	81 %	70 %	71 %	65 %

Andel ikkje møtt

Uendra litt over 2 prosent.

Epikrisetider i april

Epikrisetider 7 dager: somatisk del 95 prosent, psykisk helsevern 97 prosent (95 og 96 prosent i mars).

Epikrisetider 1 dag: somatisk 71 prosent (74 prosent i mars), psykisk helsevern 43 prosent (28 i mars).

Korridorpatientar

Stabilt på 10 korridorpatientar (10 på medisinsk klinikk, 0 kirurgisk klinikk).

Utskrivingsklare pasientar

49 døgn i april (33 frå Gloppen, 8 Hyllestad, 4 Leikanger, 2 Hornindal, 1 Aurland + Vågsøy).

Stryking av planlagde operasjonar

16 strykingar av 433 planlagde operasjonar, 3,7 prosent.

AKTIVITET

Somatikk

Somatikk	Perioden					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
DRG-poeng pasientar tilhøyrande eigen region, (A)	2 014	2 050	(36)	2 156	(142)	8 919	8 963	(44)	8 778	141
DRG-poeng pasientar tilhøyrande andre regionar - fakturering av gjestepasientar, (B)	39	48	(9)	47	(7)	142	155	(13)	167	(25)
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	2 053	2 098	(45)	2 203	(150)	9 061	9 118	(57)	8 945	116
DRG-poeng pasientar beh andre regionar	129	173	(44)	150	(21)	604	692	(88)	693	(89)
Sum drg-poeng eigne pasientar	2 143	2 223	(80)	2 306	(163)	9 523	9 655	(132)	9 471	52
Herav DRG-poeng poliklinikk (inkl. i A)	328	328	(0)	391	(63)	1 552	1 448	103	1 491	60
Tal dagkirurgi/dagbehandling	899	954	(55)	1 007	(108)	3 992	4 010	(18)	4 097	(105)
Tal sjukehusopphald	1 558	1 517	41	1 518	40	6 242	6 410	(168)	6 123	119
Tal polikliniske konsultasjonar	9 072	9 683	(611)	12 115	(3 043)	43 834	43 349	485	45 575	(1 741)

Perioden

Aktiviteten i perioden var 5,1 prosent lågare enn førre året, målt i tal behandla/undersøkte pasientar.

Samla DRG-produksjon i føretaket i perioden er 2,1 prosent lågare enn året før. Plasseringa til påska påverkar bilete. Tal døgnopphald var litt høgare enn planlagt. I april var den polikliniske aktiviteten 6,3 prosent lågare enn budsjett. Dagbehandling var 5,7 prosent lågare enn budsjett og 10,7 prosent lågare enn førre år.

Til no i år

Akkumulert ligg aktiviteten 57 DRG-poeng etter budsjettet (-0,6 prosent). Vi ligg 1,3 prosent førre fjorårsproduksjonen målt i tal DRG-poeng (116 poeng), men har ei nedgang på 3,1 prosent frå førre året målt i tal pasientar. Dagkirurgi/dagopphald har ein nedgang på 2,6 prosent mot fjoråret (105 pasientar). Poliklinisk aktivitet er 3,8 prosent lågare enn fjoråret (1741 konsultasjonar). Vi har 119 fleire heildøgnsopphald enn førre året (1,9 prosent). At påska låg i mars i 2016 medan den låg i april i 2017 forklarar mykje av differansen med førre år.

Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 619	1 609	10	1 587	32	4 774	4 827	-53	4 781	-7
Tal utskrivne pasientar	100	91	9	117	-17	282	273	10	296	-14
Poliklinisk dagbehandling	33	28	5	25	8	118	83	35	79	39
Polikliniske kons. m/refusjon	2 836	2 166	670	2 050	786	7 740	6 498	1 242	6 635	1 105
Rus										
Tal heildøgnsopphald	600	696	-96	659	-59	1 707	2 087	-380	1 761	-54
Tal utskrivne pasientar	20	15	5	19	1	58	45	13	54	4
Polikliniske kons. m/refusjon	281	313	-32	268	13	830	940	-110	857	-27
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	157	109	48	96	61	365	328	37	250	115
Tal utskrivne pasientar UPH	9	8	1	5	4	25	25	0	24	1
Polikliniske kons. m/refusjon	2 053	1 889	164	1 461	592	5 628	5 534	94	4 885	743

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)

God aktivitet innanfor psykisk helsevern i perioden. Aktiviteten i DPS'a er om lag på nivå med budsjett, medan poliklinikkane har fleire konsultasjonar enn budsjett. Beleggsprosenten på DPS'a er 83 prosent i snitt. Akuttposten hadde 63 prosent belegg i perioden.


Innan rus er aktiviteten litt høgare enn plan i perioden. Gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane er 74 prosent i perioden.

Akkumulert er aktiviteten høgare enn fjoråret.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten er litt lågare enn plan for perioden, både på UPH og ved poliklinikkane. 57 prosent belegg på UPH i perioden.

Akkumulert er aktiviteten høgare enn fjoråret.



Samla ligg beleggsprosenten på 72 prosent i april. Pasientar på pasienthotellet fell ut av statistikken på grunn av at det i pasientjournalssystemet ikkje er definert sengekapasitet der. Nyføddavdelinga fell også ut då denne avdelinga ikkje har pasientar (vi tel berre mødrene). Sengepostane registrer i liten grad postoverflytting når dei flyttar pasient over på pasienthotellet (mellom 10 og 15 prosent). Det gjev

høgare beleggsprosent på sengepostane enn det reelle belegget. Det er og viktig å understreke at tala ikkje seier noko om bemanninga.

ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	165 349	164 865	483	641 870	641 386	483
Inntekter pasientbehandling	53 003	53 523	-521	227 925	232 688	-4 764
Øyremerka tilskot	2 051	2 355	-305	8 730	9 421	-691
Andre driftsinntekter / Eigendelar	11 572	12 817	-1 244	49 697	52 182	-2 485
Sum driftsinntekter	231 974	233 561	-1 587	928 221	935 678	-7 457
Kjøp helsetenester	11 621	10 890	732	45 632	43 559	2 073
Varekostnad	18 747	19 677	-930	82 213	81 243	970
Innleige personell	3 484	1 968	1 516	9 676	7 174	2 502
Personalkostnader	133 491	134 031	-540	530 899	537 099	-6 201
Pensjonskostnad	22 372	23 325	-953	87 008	93 300	-6 292
Ordinære avskrivningar	5 928	6 083	-155	23 842	24 332	-490
Andre driftskostnader	34 545	36 042	-1 497	141 331	142 784	-1 454
Sum driftskostnader	230 188	232 016	-1 828	920 601	929 492	8 891
Driftsresultat	1 786	1 545	241	7 620	6 185	1 434
Finansinntekter	94	117	-23	461	467	-6
Finanskostnader	95	411	-315	452	1 653	-1 201
Finansresultat	-1	-294	293	8	-1 187	1 195
Ordinært resultat	1 785	1 251	534	7 628	4 999	2 629
Korrigering pensjonskostnader	-1 786	0	-1 786	-7 142	0	-7 142
Korrigert resultat	0	1 251	-1 252	486	4 999	-4 513

Perioden

Resultatet i perioden er 0. Budsjettavviket er negativt med 1 252 tusen kroner. Redusert forventa pensjonskostnad er ca. 1,8 mill. kroner kvar måned, denne månaden er avviket på 953 tusen då det er påløpt gebyr som ikkje var budsjettert. Korrigeringa pensjonskostnad vert derfor 1,8 mill ettersom vi har følgd Helse Vest sine retningslinjer om å tilbakeføre avvik i pensjon (ekstrakostnad gebyr skal ikkje takast hensyn til).

Det er lågare kostnader til pasientreiser, noko som gjev utslag i lågare inntekter og lågare andre driftskostnader. Netto er effekten på rekneskapen for april omtrent 1 mill. kroner.

I april har vi hatt meir leige av personell enn venta.

Låg rente og lite bruk av driftskreditten gjer eit betre finansresultat enn venta.

Akkumulert

Akkumulert resultat er positivt med 0,5 mill. kroner. Budsjettavviket er på 4,5 mill. kroner. Inntektssvikten er på 7,5 mill. kroner. Det har vore lågare ISF-inntekter enn venta. Særleg har vi ei svikt i inntekter frå H-reseptar. Vi har og lågare eigenbetaling frå pasientar enn venta. Dette skyldast lågare kostnadar til pasientreiser enn venta og dermed og lågare eigenbetaling frå pasientane. På kostnadssida er det høgare kostnadar til labrekvisita, behandlingshjelpemiddel, fritt behandlingsval og innleige av personell medan vi har lågare kostnader til løn. Finanspostar er 1,2 mill. kroner betre enn budsjett. Så langt har vi 6 mill. lågare MVA-refusjon enn det kuttet i basisbevillinga skulle tilseie.

Likviditet


Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 300 mill. kroner. Pr. 1. mai hadde Helse Førde innestående 5,8 mill. kroner på konto.

Prognose

Helse Førde har så langt eitt akkumulert avvik 4,5 mill. kroner. Samstundes har vi fått lågare MVA-kompensasjon enn venta. Det er postar på inntektssida som er lågare enn venta og som det er usikkerheit kyta til. Det kan hende at desse postane så langt er vurdert for lågt. Likevel gjev framdrifta i dei prosjekta som skulle gjeve effekt frå juli særleg grunn til uro. Signala frå organisasjonen er at det blir vanskeleg å nå budsjettmåla utan store endringar framover.


MEDARBEIDARAR

Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i mars 6,1 prosent mot 6,6 prosent førre år.

Månadsverk




Brutto månadsverk i april var 2262. Dette er 8 færre enn rapportert for same periode i fjor.
Netto månadsverk i april var 2073. Dette er 8 flere enn rapportert for same periode i fjor.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betalar løn for (inklusive betalte permisjonar).
Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.

Uønska hendinger melde i avvikssystemet Synergi

Tabellen under viser tal melde saker i Synergi, sortert etter sakstype:
Diagrammet viser melde saker i perioden 01.01.17 – 31.03.17:



Pasientrelaterte saker:

I mars var det meldt om at ambulanspersonellet fekk lite informasjon om ein pasient dei skulle transportere over ei lengre strekning. Det blei og meldt om feilmedisinering. Det var også meldt saker som gjeld at feil pasient fekk undersøking og behandling fordi identiteten til pasienten ikkje blei kontrollert.

HMS-saker:

HMS-saker er tilfelle der det har vore helse-, miljø- eller sikkerhetsbrot som gjev fare for eller har medført skade for tilsett. Denne månaden blei det meldt om rom som ikkje var merka med smitte. Det var meldt om at det er vanskeleg for portørar å manøvrere senger i tronge korridorar når korridoren blir brukt til venterom. Fleire tilsette har meldt frå om dårleg inneklima.

IKT/informasjonssikkerheit-saker:

Kan gjelde brot på personopplysningslova og handtering av sensitive opplysningar, enten ved manglar knytt til IKT-system, aktuelle rutinar eller etterleving av desse. Denne perioden er det meldt om fleire saker der sensitiv utskrift har blitt sendt til feil skrivar. Det har også vore meldt om problem med å bytte pasient på skjermen i DIPS, slik at opplysningar har kome inn i feil journal.

Driftssaker:

Driftssaker gjeld hendingar knytt til driftsoppgåver for alle fagområde (administrativ/klinisk). Sist periode er det meldt ei sak om at eit sterilisert instrument ikkje var skikkeleg reingjort før sterilisering. Ei anna sak handla om at fleire dører ikkje var låste, sjølv om dei skal vere låste heile tida. Det var og meldt om at bemanninga ikkje var god nok til å ivareta ein døande pasient og pårørande til denne etter det meldaren meiner er ei god nok måte.

Frekvente hendingar:

Jamlege hendingar vert nytta for meir detaljert oppfølging og særskilt i Helse Førde sine diagnostiske avdelingar. Denne perioden er det meldt om for dårleg kvalitet på eit blodprodukt.

Forbetningsområde:

Forbetningsområde er forslag til forbetring, utan at det ligg føre avvik. (Nokre av desse sakene er feilregistrerte, og inneheld eigentlege avvik). Problem med prioritering av pasientar ved manglande oppmøte av personell. Det blei og meldt om at ei avdeling mangla eigna rom for samtale med pasientar.

Klager/NPS (Samhandlingssaker):

Samhandlingssaker er saker som vedkjem samhandling mellom føretaket og kommunane. Sist månad var det meldt om at sjukehuset hadde sett av mykje ressursar til ein avansert undersøking av ein pasient, men pga. dårleg kommunikasjon med kommunen møtte ikkje pasienten fram. Det blei og meldt om at det ikkje blei meldt om opphald på sjukehus i utlandet og dermed fare for MRSA-smitte.